



Sak nr D- Vår dato: 14.11.2017 Vår referanse: 2008/56-33427962/2017  
Vår saksbehandlar: Elisabeth Holme Grønnevik Direkte telefonnr.: 53 42 30 68 Dykkar dato: Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## RAPPORTERING - DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2016

Rapporteringen på tildelte midlar kr 75 000 til bruk i 2016.

### Prosjekt 1: Arrangement i Bømlo kulturhus (I manns minne)

I manns minne blei arrangert niande år på rad, også denne gongen med eit fyldig program for dagen, og ei god matøkt i mellom. Arrangementet er etter kvart blitt ein tradisjon som samlar dei eldste i kommunen vår, og dagen er prega av gjensynsglede, mimring og ny inspirasjon frå scenekanten. Matpausen har også vist seg å vera ei kjærkomen samtalestund, for oppdatering og nytt. I 2016 hadde tidlegare journalist i Haugesunds Avis, Kristine Sele, ein samtale på scenekanten om livet i krambuene rundt om i kommunen. Dette var eit svært populært tema, som vekka gode samtaler. Tilreisande artistar var Underhaldningsvogna, som kunne ta oss med tilbake til livet på 40- 50- talet og The Andrew Sisters. Mange av publikum hugsar originalane frå sin ungdom. Konferansier for dagen var museumsformidlar Johanne Øvstebø Tvedten.

### Budsjett:

<u>Utgifter:</u>	
Arrangementsplanlegging	Kr 15 000
Personalkostnader	Kr 20 000
Leige av lokal inkl reinhald	Kr 6 000
Annonsering	Kr 4 973
Annonsering facebook	Kr 400
Lydteknikar	Kr 3 500
Lysteknikar	Kr 3 500
Leige av teknisk utstyr	Kr 1 400
Lapskaus (220 personar)	Kr 29 700
Kringle	Kr 6 336
Kaffi/anna	Kr 4 200
Beverting i garderobane	Kr 320
Blomar	Kr 800
Diverse innkjøp	Kr 199
Honorar Kristine Sele	Kr 2 500
Honorar Johanne Øvstebø Tvedten	Kr 4 832
Honorar Underhaldningsvogna	Kr 3 194

Flyreise Underhaldningsvogna	Kr 5 474
Opphald Underhaldningsvogna	Kr 3 415
Diverse	0
<b>SUM</b>	<b>Kr 115 743</b>

Billettpris til arrangementet er kr 200.

#### Prosjekt 2: Lesestunder på folkebiblioteket

Det har vore nokre lesestunder i biblioteket, i tillegg til opplesing i institusjonane. Desse har blitt tatt godt imot. Me jobbar vidare med dette tilbudet, der me ynskjer å spissa det litt meir ved å få til eit samarbeid med forfattarar, som kan vera både i bibliotek og på institusjonane. Her samarbeider me med biblioteket.

#### Prosjekt 3: Temakveldar på folkebiblioteket

Temakveldane som har vore skipa til, har vore ein stor suksess. Her har me hatt fulle hus kvar gong, og to av temaa har også vore flytta til andre stader i kommune. Me har hatt temakveld om:

- Fiskeri (både på Svortland og Langevåg)
- Torvhenting
- Hummarfiske (Espevær)
- Før og no i helsestellet

I tillegg skipa me også til kurs i slektsgransking for målgruppa (67+)

Budsjett:

<b>Utgifter:</b>	
Historiekveld om fiskeri	Kr 5 000
Historiekveld om torvhenting	Kr 5 000
Hummarfiske i Espevær	Kr 5 000
Før og no i helsestellet	Kr 5 000
Reise, blomar og diverse	Kr 4 000
Kurs i slektsgransking	Kr 2 000
Annonsering	Kr 5 000
Leige av kultursal (bygdatunet)	Kr 2 500
<b>SUM</b>	<b>Kr 33 500</b>

#### På institusjonane hadde me i 2016:

- Bal Musette, som er ein duo med vokal og trekkspel. Dei spelar viser frå mellomkrigstidas Paris, med tekstar gjendikta til norsk. Desse har me hatt inne fleire gonger og er eit samarbeid med Bømlo frivilligsentral, som legg til rette det praktiske. **Utgifter kr 12 000.**
- Spansk aften – med gitarist Owe Håstø, operasongar Lene Rudbæk Romseland og flamencodansar Camilla Tveito Falch. **Utgifter kr 9 000.**
- I tillegg hadde me inne Bømlo kulturskule og introduksjonsklassen ved Svortland skule.

Institusjonane blir også invitert til arrangementet i Bømlo kulturhus (I manns minne) og til biblioteket.

Med helsing  
Bømlo kommune

Elisabeth Holme Grønnevik  
rådgjevar kultur og idrett  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*